

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 026, TI - &01	16/2020

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
75/2016	Formannskapet	PS	31.08.2016
86/2016	Kommunestyret	PS	21.09.2016

Interkommunalt arkiv Hordaland IKS - Endring i selskapsavtale

Vedlegg:

Endring i selskapsavtalen til Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Selskapsavtale pr. 01.08 2016

Selskapsavtale pr. 01.01.2017

Sign.dok - Møteprotokoll representantskapsmøte 27.04.16

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS, vart organisert som et IKS i 2002. I 2015 hadde selskapet 32 eigarar. Eigarkommunane hefter for ein eigarandel etter ein fordelingsnøkkel vedteke på representantskapsmøte i 2002 samt gjort gjeldande frå 1.1.2003. Eigardelen til den enkelte kommune, er beskrive i selskapsavtalen sin § 5, Tilskotsplikt og eigarandel.

I følge selskapsavtalen § 5, skal eigardelane justerast kvart fjerde år som eit resultat av endringar i folketal, betalt innskot, samt ved inn- og utmelding slik at det er samsvar mellom kommunestorleik og eigarandel i selskapet. Det har i tida fram til 31.12.2014, ikkje vore endringar i folketal, betalt innskot eller utmelding frå selskapet, som kravde at eigardelane og selskapsavtalen laut endrast. Etter 31.12.2014 fekk tre eigarkommunar endra sin eigarandel som følge av endringar i folketal. Desse er Fitjar, Radøy og Sveio.

Etter 2015 er det difor ikkje er samsvar mellom folketal og eigarandel i IKAH. Med dette som utgangspunkt, samt tilbakemelding frå ein eigarkommune om å utarbeide ein ny fordelingsnøkkel som betre gjenspeglar kommunestorleiken, fremjar Representantskapen i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS framlegg om følgjande:

Representantskapen vedtek justeringa i eigardelane og gjer dei gjeldande frå 01.01.2017 med atterhald om godkjenning i kommunestyra.

fordelingsnøkkel som betre gjenspeglar kommunestorleiken, fremjar Representantskapen i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS framlegg om følgjande:

Representantskapen vedtek justeringa i eigardelane og gjer dei gjeldande frå 01.01.2017 med otterhald om godkjenning i kommunestyra. Representantskapen gjev styret i oppdrag å førebu saksframlegg til dei enkelte kommunestyra.

Askey kommune	4,49	Jondal kommune	1,92	Samnanger kommune	1,92
Austevoll kommune	2,78	Kvam kommune	3,63	Stord kommune	4,49
Austrheim kommune	1,92	Kvinnherad kommune	4,49	Sund kommune	3,63
Bømlo kommune	4,49	Lindås kommune	4,49	Svsjø kommune	3,63
Eidfjord kommune	1,92	Masfjorden kommune	1,92	Tyvenes kommune	1,92
Etne kommune	2,78	Meland kommune	3,63	Ullensvang herad	2,78
Fedje kommune	1,92	Modalen kommune	1,92	Ulvik herad	1,92
Fijar kommune	2,78	Odda kommune	3,63	Vaksdal kommune	2,78
Fjell kommune	4,49	Os kommune	4,49	Voss kommune	4,49
Fusa kommune	2,78	Osterøy kommune	3,63	Øygarden kommune	2,78
Granvin herad	1,92	Rådeøy kommune	3,63	Sum:	100 %

2. Representantskapen vedtek at det skal fremjast sak til ordinært representantskapsmøte i 2017 om ny fordelingsnøkkel og eigardel som betre gjenspeglar kommunestorleik.

Vedtaket var einstemmig.

Representantskapen vedtek at det skal fremjast sak til ordinært representantskapsmøte i 2017 om ny fordelingsnøkkel og eigardel som betre gjenspeglar kommunestorleik.

Vedtaket var einstemmig.

Økonomiske konsekvenser

For eigarane har endringa av selskapsavtalen ingen direkte økonomisk konsekvens, utover det ein ytte i tilskot pr. 01.01.2016, samt det som er vedteke av Representantskapen for 2017.

Vi gjer og merksam på at Representantskapen har gjort vedtak om at det skal fremjast sak til om ny fordelingsnøkkel og eigardel, som betre gjenspeglar kommunestorleik. Saka skal leggjast fram til ordinært representantskapsmøte på Solstrand 25 april. 2017.

Konsekvensar av eit negativt vedtak

Ifølgje lov om interkommunale selskap § 4 skal endringar i selskapsavtalen, mellom anna endringar i eigardelane, godkjennast i alle eigarane sine kommunestyre.

Ein endra selskapsavtale for IKA Hordaland, er ikkje gyldig før alle eigarar sitt øvste politiske organ gjer eit likelydande positivt vedtak og Brønnøysundregistrene har skrevet firmaattest.

Skulle eit av kommunestyra ikkje godkjenne ny selskapsavtale gjeldande frå 01.01.2017, vil den gamle selskapsavtalen framleis gjelde, men ein vil då ikkje lenger ha samsvar mellom eigarandel og folketal i kommunen.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner *Selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldende fra 1.1.2017.*»

Formannskapet - 75/2016

FS - behandling:

FS - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner *Selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldende fra 1.1.2017.*»

Kommunestyret - 86/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner *Selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldende fra 1.1.2017.*»